

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	12.03.2025
Vår referanse	2022/69568-16
Dykkar referanse	a2946e35-d3ba-4166-b600-
Sakshandsamar	bbdb099f1b6b
E-post	Siri Hanson
Telefon	Siri.Hanson@vlfk.no

Høyringssvar - tilleggsgutgreiingar og forslag til avbøtande tiltak - Mauranger 2 kraftverk med overføringar og vilkårsrevisjon for Maurangervassdraga - Kvinnherad og Ullensvang kommunar

Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Utbygger sine forslag til avbøtande tiltak for marint miljø og biologisk mangfald vil etter vårt syn kunne redusere negative konsekvensane av utbygginga i nokon grad. Den tilrådde overvakinga i fjorden må setjast i verk for å betre kunnskapsgrunnlaget.

Avbøtande tiltak må også gjennomførast for å redusere negative konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø mest mogleg. Det same gjeld for friluftsliv.

Fylkeskommunen er positiv til ein vilkårsrevisjon slik at vilkåra vert i tråd med dagens miljøstandard

Saka gjeld tilleggsgutgreiingar, avbøtande tiltak og vilkårsrevisjon

Dette prosjektet frå Statnett bidreg med verdifull regulerbar kraft i Vestland. Oppgraderinga av effekt frå 250 MW til 630 MW gjer at det oppgraderte kraftverket kan levere meir straum i periodar der behovet for kraft er høgt og bidrar til å sikre kraftbalansen

Endringane omfattar flytting av det planlagde utløpet slik at denne blir bygd parallelt med eksisterande utløp, for å redusere skadeverknader for livet i fjorden. Det er vidare foreslått å redusere kapasiteten til det planlagde bekkeinntaket ved Botnane, for å minimere skadeverknader for eit bekkedelta med raudlista naturtype og artar. Statkraft ønskjer også å revurdere marktrykket for tipp 2 og rigg ved Markjelkevatt, innafor arealinngrepsgrensene, i samråd med landskapsarkitekt før utarbeiding av miljø- og detaljplan.

Samstundes med konsesjonshandsaming av Mauranger 2, går det føre seg ein revisjon av vilkåra i dagens konsesjonar i Maurangervassdraga. NVE har også bedt Statkraft om å gjennomføre tilleggsgutgreiingar knytt til vilkårsrevisjonen.

Vurdering

Vestland fylkeskommune v/Fylkesutvalet - 29.11.2022 har tidlegare gitt uttale til konsesjonssøknaden. Fylkeskommunen er i utgangspunktet positive til utbygginga, men har stilt krav om avbøtande tiltak knytt til kulturminne, friluftsliv og vassmiljø og at vilkåra vert revidert i tråd med dagens standard.

Vassmiljø

Samla sett er det forventet at den planlagde utbygginga av kraftverka vil ha betydeleg negativ verknad på det marine naturmangfaldet lokalt i Austrepollen og samtidig auke den samla belastninga på Maurangsfjorden. Utbygger sine forslag til avbøtande tiltak for marint miljø og biologisk mangfald vil etter vårt syn kunne redusere negative konsekvensane av utbygginga i nokon grad. Den tilrådde overvakinga i fjorden må setjast i verk for å betre kunnskapsgrunnlaget

Kulturminne

Postadresse	Telefon	E-post	Heimeside	EHF-Fakturaadr.	Organisasjonsnr.
Askedalen 2	05557	post@vlfk.no	www.vestlandfylke.no	821311632	821 311 632
6863 Leikanger					

Undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven må oppfyllest i god tid før iverksetjing av tiltak. I sjølve anleggsfasen vil utbygging av Mauranger 2 få negative konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø i området. Dette gjeld spesielt gravfeltet ved Veaneset id. 72967 som skal sikrast i anleggsperioden. Også for utgangspunktet for ferdavegen opp og gjennom Hardingaskaret vil anleggsarbeidet få negative konsekvensar. Ved å stille vilkår om avbøtande tiltak som nemnt ovanfor kan dei negative konsekvensane truleg reduserast.

Friluftsliv

Negative konsekvensar for friluftsliv må reduserast mest mogleg med avbøtande tiltak. Å redusera marktrykket for tipp 2 og rigg ved Markjelkevatn, vil truleg vere positivt for landskapsopplevinga og såleis for friluftsinteressene i området.

Vilkårsrevisjon

Maurangerkraftverka produserer store mengder kraft og har stor samfunnsnytte Vestland fylkeskommune viser til uttale til vilkårsrevisjon den 19.09.2023. Sidan konsesjonen blei gitt på ei tid då natur og friluftsliv blei tillagt mykje mindre vekt enn i dag er det viktig at konsesjonsvilkår vert i tråd med dagens miljøstandard.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Siri Hanson
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

KVINNHERRAD KOMMUNE	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
ULLENSVANG KOMMUNE	Opheimsgata 31	5750	ODDA
STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER